

**Ja til sprenginga på Skorpo**

17.01.2014

**Fylkeskonservatoren har stilt seg positiv til søknaden om sprenging av ein fjellknaus og heving av terrenget på Skorpo. Springflo og uver gjer der skade på dyrka mark.**

**Fylkeskonservatoren opplyser at tiltaket ligg mellom 30 og 80 meter søraust for den nyaste løa på bruket i Søre Skorpevågen. Arealet er dyka opp i nyare tid,**

I fylgje arkiva i fylkeskommunen er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne i området men det er kjent eitpar tapte lausfunn på bruksnummer 1 som truleg var frå steinalderen,

Bygningane på tunet er SEFRAK-registrert bortsett frå løa. Tiltaket vil ha lite innverknad på desse.

Grunneigaren forsikrar av tiltaket vil verta utført på ein estetisk tiltalende måte og fylkeskommunen ber om at det vert teke mest mulig omsyn til kulturlandskapsverdiane i området-